

R/	10/3884	03/276-24
L7A	28.05	2010
	181	

**AVTALE OM KJØP AV DET REGULERTE OMRÅDET AUSTMARKA ØVRE, GNR. 79,  
BNR. 102 TJORE NEDRE I RADØY KOMMUNE**

**MELLOM**

**TAKOF AS, ORG.NR. 984 143 869, SOM RETTIGHEITSHAVAR/UTBYGGJAR OG  
KJØPAR**

**OG**

**RADØY KOMMUNE, ORG.NR. 954 748 634, SOM GRUNNEIGAR OG SELJAR**

**1. Bakgrunnen for denne avtalen m.m.**

Gjeld gnr. 79, bnr. 102, som ligg innafør reguleringsplanen Austmarka Øvre, og som kommunen eig, godkjend den 27.09.2000 og revidert seinast 13.09.2007, jf. inngått avtale om kjøpsrett av 26.06.06. Det aktuelle arealet, som utgjer ca. 73 daa, er vist med heiltrekt raud linje på vedlagte kartutsnitt av reguleringsplanen over området, datert 27.02.08, og signert av begge partane.

Takof AS får som kjøpar rett til å bli eigar av tomtegrunnen til fastsett førehandspris, jf. pkt. 3 - under føresetnad av at området vert tilrettelagt og opparbeidd med veg/gangveg/fortau inkl. avkjørsle, vatn, kloakk/kloakkanlegg og straum/telekablar, veglys m.m. for kjøpar sin kostnad, i samsvar med reguleringsplan og utbyggingsplan – jf. vedlagte plandokument, og innan fristar nemnd under pkt.2.

Tomta kan ikkje vidareselest utan at Radøy kommune fråseier seg eksklusiv rett til tilbakekjøp, jf. pkt. 5 i denne avtale. Vidaresalg til Green Living – Austmarka AS org nr. 994840010 kan skje utan Radøy kommune sitt samtykke. Bestemmelsane i denne avtalen skal også gjelde for Green Living Austmarka as etter ein eventuell overdraging.

**2. Kjøpars frist til opparbeiding av det regulerte området.**

Kjøpar plikter å starta planleggingsarbeidet for utbygging av Austmarka øvre umiddelbart. Området skal vera ferdig tilrettelagt og klar for utbygging av 10-15 bueiningar innan 1. juli 2012.

**3. Vederlag for tomtegrunnen.**

Takof AS betalar kr 1.500.000,- til grunneigar v/Radøy kommune som fullt og endeleg vederlag for tomtegrunnen. Vederlaget vert å betala kontant mot overlevering av tinglysingsklart, heftefritt skøyte for eigedomen. Dersom kjøpar ynskjer å tinglysa panteobligasjonar på eigedomen, kan kjøpar krevja at det skal brukast oppgjersansvarleg. Kostnadene til oppgjersansvarleg skal i tilfelle berast av kjøpar. Overtaking skal skje snarast råd og seinast 30. mai 2010.



#### 4. Omkostningar i samband med denne avtalen.

Kjøpar skal bera alle kostnader som oppstår i tilknytning til denne avtalen, inkludert gebyr for frådelling, oppmåling, tinglysing, dokumentavgift, kostnader til utbygging av området med meir.

Radøy kommune betalar eit vederlag til seljar på kr 4.000.000,- for opparbeidinga av trafikkløysinga med undergang/fortau/utbetring av kryss i samsvar med gjeldande reguleringsplan og krav frå Statens vegvesen. Utbetalinga skjer etterskotsvis i fire terminar etter kvart som dette arbeidet vert utført og utgiftene dokumentert.


#### 5. Gjenkjøp.

Skulle kjøpar av ulike grunnar ikkje stetta dei krav til framdrift som nemnd under pkt. 2, kan Radøy kommune nytta seg av ein eksklusiv rett til - om dei ønskjer det, å kjøpa området tilbake til same pris med tillegg av dokumenterte utbyggingskostnader, som kjøpar etter denne avtalen har pådradd seg. Utbetalt vederlag, jf. pkt. 4, kjem til frådrag.

#### 6. Tvist

Eventuell tvist om forståing av denne avtale eller forståinga av den, skal primært løysast med forhandlingar. Dersom semje ikkje kan oppnåast mellom partane, vert tvisten brakt inn for domstolane.

Bergen, .....



Takof AS  
Thomas Sandland  
styreleiar

Manger, 28.05.2020 .....



Radøy kommune  
Jon Askeland

